



Ungdomsskular i Hordaland

Dato: 10.04.2017
Vår ref.: 2016/9170-16
Saksbehandlar: KJEVEA_
Dykkar ref.:

Søkjjarar til innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Inntakskontoret har i år mottatt uvanleg mange søknader om plass i innføringsklassane for minoritetsspråklege elevar. Dette gjeld særleg til skulane i Bergensområdet.

Mange av søkjarane er i år mindreårige asylsøkjjarar som ventar på å få tildelt bustad, eller som kan bli flytta til andre mottak. Dette kan vere utanfor Hordaland, eller internt i fylket vårt.

Inntakskontoret er difor budd på at det kan bli større endringar enn vanleg både på søkjarlistene og inntakslistene enn tidlegare år.

For å få eit best mogleg oversyn over heile denne søkjargruppa, ber vi om at din skule, som er innsøkjande instans for fleire av søkjarane, om å sende oss melding etter kvart som de veit at søkjaren har flytta ut av fylket, eller har blitt busett i andre delar av Hordaland.

Tilbakemeldinga gjeld sjølv sagt også for dei som alt har flytta etter at søknad vart sendt inn pr. 1.februar.

Vi ynskjer at minst fødselsdato blir opplyst, helst heile det norske personnummeret dersom eleven har fått dette.

Tilbakemeldingsadresse på e-post; inntak@hfk.no

Vennleg helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.